Osterøy kommune

REGLEMENT FOR DELEGERING AV MYNDE FRÅ HERADSSTYRET

DEL 1 - HERADSSTYRET

§ 1.1 OVERORDNA MYNDE

Heradsstyret er kommunen sitt øvste politiske organ med overordna ansvar for heile kommunen si verksemd. Heradsstyret skal på grunnlag av prinsipp- og temadebattar velja satsingsområde og prioritera tiltak.

Heradsstyret tek sjølv avgjerd i alle saker som ikkje er delegerte til formannskapet, anna politisk organ eller til rådmannen.

§ 1.2 SAKER HERADSSTYRET AVGJER SJØLV

Heradsstyret tek sjølv avgjerd i desse sakene:

a. Saker om å kjøpa, avhenda, makeskifta eller pantsetja fast eigedom, og i saker om å gje frå seg eller hefta bort ein rett/rettar i fast eigedom.

Slike saker er likevel delegerte til formannskapet når eigedomen eller retten har ein verdi på mindre enn kr 2.000.000,-. Når heradsstyret sjølv har har vedteke at ein bestemt eigedom skal kjøpast, avhendast eller festast bort, og ikkje sjølv har fastsett prisen, er mynde til å gjera det delegert til formannskapet.

Mynde til å kjøpa, avhenda eller festa bort og til å fastsetja prisen, har formannskapet også når det gjeld gjennomføring av vedtak heradsstyret alt har gjort.

b. Saker om konsesjonar eller avtalar om leveransar, bruksrettar eller særlege råderettar som anten bind kommunen for meir enn 5 år eller har mykje å seia økonomisk for kommunen. Slike saker er likevel delegerte til formannskapet når verdien det er tale om er lågare enn kr 2.000.000,-.

c. Saker om å fastsetja salstariffar, gebyr og prisar for ytingar frå kommunale avdelingar, verksemder, bedrifter eller selskap når desse reelt er i ein monopolsituasjon.

d. Andre saker der saka sin art gjer det naturleg at heradsstyret sjølv tek avgjerd.

e. Tilsetjing av rådmann. Mynde til å konstituera stedfortredar for rådmannen ved fråver er delegert til formannskapet.

f. Saker som etter kommunelova og andre særlover berre kan avgjerast av heradsstyret sjølv.

DEL 2 – FORMANNSKAPET SITT MYNDE

§ 2.1 PRINSIPIELLE SAKER

Formannskapet skal i hovudsak berre handsama saker av prinsipiell- eller politisk karakter.

§ 2.2 HOVUDREGEL

Formannskapet har mynde til å ta avgjerd på kommunen sine vegner i alle saker som ligg til dette sitt arbeids- og ansvarsområde og som heradsstyret ikkje har delegert til andre eller har teke unna rett til sjølv å avgjera. Det same gjeld vedtak som vert gjorde med heimel i særlov, dersom lova opnar for delegering til anna organ enn heradsstyret sjølv, og lova ikkje har andre reglar som går framom.

Nærare reglar om delegert mynde kan verta gjevne av heradsstyret i særskilde reglement eller vedtak.

§ 2.3 TVIL OM RETT ORGAN

Ved tvil om kva som er rett organ for handsaming av og avgjerd i ei sak, tek ordføraren stode til spørsmålet, eventuelt etter samråd med formannskapet.

§ 2.4 VIDAREDELEGERING AV FORMANNSKAPET SITT MYNDE

Formannskapet kan gje rådmannen mynde til å ta avgjerd i enkeltsaker eller typar av saker som ikkje er av politisk eller prinsipiell karakter. Formannskapet skal evaluera si sakshandsaming med sikte på å skilja ut saker og sakstypar av ikkje politisk eller prinsipiell karakter som så med særskild vedtak skal delegerast til rådmannen.

§ 2.5 HASTEKOMPETANSE

Formannskapet har mynde til å gjera vedtak i saker som skulle ha vore tekne stode til av heradsstyret, når vedtak må gjerast så raskt at det ikkje er tid til å kalla heradsstyret (komm.l. § 13). Melding om slikt vedtak skal leggjast fram for heradsstyret i dette sitt neste møte.

DEL 3 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL SITT MYNDE
3.1 SAKSOMRÅDE

Utvalet sitt mynde og ansvarsområde går fram av eige reglement § 2.

3.2 HOVUDREGEL

Utvalet har mynde til å ta avgjerd på kommunen sine vegner i alle saker som ligg til dette sitt arbeids- og ansvarsområde, og som heradsstyret ikkje har delegert til andre eller har teke unna rett til sjølv å avgjera. Det same gjeld vedtak som vert gjorde med heimel i særlov, dersom lova opnar for delegering til anna organ enn heradsstyret sjølv, og lova ikkje har andre reglar som går framom.

Nærare reglar om delegert mynde kan verta gjevne av heradsstyret i særskilde reglement eller vedtak.

§ 4 VEDTAK OM REGLEMENT

Dette reglementet vart vedteke 15.12.93 av heradsstyret, og tok til å gjelda frå 01.01.94.

Berre heradsstyret kan gjera endringar i reglementet. Det er endra med vedtak i heradsstyremøtet 26.09.2018, sak 074.